



Tyrolertravers er ein aktivitet som går att under Friluftsdagen.

Den 10. august blir det friluftsdag på Fjellandsbø att og arrangørane håpar at den får om lag det same opplegget som i fjor, då den var ein stor suksess

. Men Sara Hjelmeland Andresen i Barnas turlag gjer det klart for uskedalen.no at dei treng kreative folk med gode idear.

- Vi lurar på om nokon har lyst til å stilla opp og hjelpa denne dagen. Hvis nokon har gode idear til aktivitetar eller har lyst til å bidra med det dei er gode på, er de svært velkomne, seier Sara.

Dei interesserte kan ta kontakt med henne på telefon 93207945 eller leiar Anne Kari Enes i Kvinnherad turlag på telefon 41557189.

Sara minner og om at det som i fjor blir indianarleir frå 9. til 10. august.